

Fylkesmannen i Vestland
Mattilsynet Region Sør og Vest
Kystverket Vest
Fiskeridirektoratet Region Vest


Dato: 28.10.2019
Vår ref.: 2019/17999-5
Saksbehandlar: Endre Korsøen
Telefon: 917 64 632

Engesund Fiskeoppdrett AS - Søknad om auka lokalitetsbiomasse i anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av komplett søknad motteke 25.10.2019 frå Engesund Fiskeoppdrett AS om løyve til auka maksimalt tillaten biomasse (MTB) i eksisterande anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 11644 Duesund i Masfjorden kommune.

Søknaden gjeld utviding av maksimalt tillaten biomasse frå 2340 tonn til 3120 tonn i eksisterande anlegg.

Det vert ikkje søkt om endring i arealbruken for anlegget. Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 03.09.2019, sjå figur under.



Som bakgrunn for søknaden oppgjev Engesund Fiskeoppdrett AS at produksjonen på lokaliteten er veldig god, og biomassen vil vere i taket av gjeldande MTB rundt midten av november 2019. Det er svært ynskjeleg å kunne halde fisken lenger på lokalitet slik at ein oppnår høgare individvekt og dermed meir verdiskaping slik laksemarknaden er i dag.

Vidare skriv søkjar at som del av produksjonsstrategien ynskjer ein å produsere meir fisk som stettar kravet til verksemda sitt grønne løyve. Lokaliteten Duesund er Engesund Fiskeoppdrett AS einaste lokalitet i utsettsone haust partal. Det er derfor sær s viktig for driftsplanlegginga framover i tid at det er mogleg å ta i bruk opp mot full biomasse dersom drifta elles i selskapet tillet det.

Miljøtilstand under og i nærsone til anlegget, har vore målt gjennom MOM-undersøkingar (NS 9410). I alt er det gjennomført 4 MOM B-undersøkingar ved lokaliteten i perioden 2009-2018, og rapportar frå desse undersøkingane syner beste tilstandsklasse. Trendanalysane som er gjennomført i driftsfasa tyder på god miljøtilstand i området, og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne. Det er gjort avtale om å gjennomføre ei C-gransking ved produksjonstopp vinteren 2020, og resultatet frå denne undersøkinga vil ettersendast so snart den er klar.

Arealet er i kommuneplan for Masfjorden avsett til akvakulturføremål.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Hordaland fylkeskommune har send søknaden til Masfjorden kommune for uttale, og offentleg ettersyn. Uttale frå kommunen vedlagt eventuelle merknader frå kunngjeringa vil bli ettersend.

Ein ber Dykk handsame/vurdere søknaden frå Engesund Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor. (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*).

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:
Engesund Fiskeoppdrett AS